

## Kulturplan 2026 - 2038 Ålesund kommune - Kultur er premiss, ikkje pynt

**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth  
E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Arkivsak: 24/5429  
Journalpost: 26/27304

**Behandling:**

Saksnummer:	Utval:	Dato:
034/26	Hovudutval for kultur og oppvekst	08.06.2026
	Kommunestyret	

### 034/26 - Hovudutval for kultur og oppvekst

**Vedtak:**

Saken utsettes for å bli behandlet ved neste møte i hovedutvalg for kultur og oppvekst.

**Behandling:**

Utsettelsesforslag - fremma av Tor-André Gram Franck Fremskrittspartiet

Saken utsettes for å bli behandlet ved neste møte i hovedutvalg for kultur og oppvekst.

**Votering:**

Votering over utsettelsesforslaget:

Utsettelsesforslaget vedtatt med 7 mot 3 stemmer. Disse stemte imot: Henriette Bryn (AP), Sagvan Fathi Abdal (AP), Vanja Kathrin Lervik Brudevold (R)

**Kommunedirektøren si innstilling:**

Ålesund kommunestyre vedtek Kulturplan Ålesund kommune 2026 - 2038 "Kultur er premiss, ikkje pynt".

Handlingsprogram 2026 - 2028 vert vedteke slik det ligg føre. Handlingsprogrammet vert rullert årleg i samband med budsjettprosessen.

**Saksgang:**

Hovudutval kultur og oppvekst innstiller til Kommunestyret jf. politisk delegeringsreglement 2023 - 2027 og plan og bygningslova §3-3.

## **Samandrag:**

Oppstart av planarbeid vart vedteke i HKO-sak 20/24, 15.05.24.

Etter ein omfattande medverknadsprosess både internt i kommuneorganisasjonen, med politisk arbeidsseminar og ei rekke opne møte med eksterne aktørar vart framlegg til kulturplan 2024 - 2038 lagt ut til høyring 17.09.25 i HKO-sak 49/25. Etter plan og bygningslova vart det sett frist for innspel 7. november 2025.

Det kom inn 32 høyringsinnspel. Innspela kom frå eit representativt utval av kulturaktørar.

Høyringsinnspela var varierte og gode. Vi fekk brei tilslutning i høyringa til ei prioritering av dei 3 innsatsområda i planen. Det same gjorde måla som var sett opp. Hovudtyngda av innspel går på tiltak og handlingar retta mot aktøren sitt felt. Mange av innspela er tiltak som ein kan plukke av også i framtidige handlingsprogram.

Planen består av to delar, plandokumentet og handlingsplanen.

Plandokumentet er ein overordna, kortare tekstdel som fokuserer på dei 3 innsatsområda og måla som er utarbeidd til kvart område. Denne delen har eit 12-årig perspektiv og er utforma generelt og overordna for å vere eit relevant styrings- og politikkdokument i heile planperioden.

Den andre delen av kulturplanen, handlingsprogrammet, har eit 2 til 4-årig tidsperspektiv. Dette vert rullert årleg i samband med budsjettarbeidet. Dette er den operative delen av kulturplanen som konkretiserer korleis planen skal gjennomførast.

Ein tredje del av planen, som er bakgrunnsinformasjon og forklaringar ligg berre i Framsikt.

## **Saksopplysningar:**

"Kultur er premiss, ikkje pynt!" - Kulturplan Ålesund kommune 2026 - 2038, skal bidra til ei god samfunnsutvikling for alle, med livskvalitet, aktivitet, møteplassar, innovasjon og attraktivitet. Kultur spelar inn i dei fleste områda i samfunnet, oppvekst, helse og sosialt miljø og er utvilsamt ei samfunnsbyggande kraft.

Kulturplanen skal sette retning og ambisjonar på kulturfeltet sine vegne. Den skal også legge til rette for at effektane kulturen har på samfunnet skal få verke gjennom godt samspel med andre sektorar. Sist, men ikkje minst, skal planen være eit godt og nyttig verktøy for politikarar og administrasjon i prioriteringane.

## Oppsummering av prosessen

Det vart vedtatt oppstart av planarbeidet 15.05.24, HKO-sak 20/24, der "Hovudutval for kultur og oppvekst vedtek å starte opp arbeidet med å utarbeide ein kulturplan for Ålesund kommune. Kulturplanen vert utarbeidd med brei medverknad frå aktørane i kulturfeltet".

Milepålar i planprosessen:

1. Planprogram, vedteke HKO-sak 32/24, 13.06.24
2. Oppstartssak i kommunale råd og kommunedelsutvala, september 24
3. HKO - kulturpolitisk verkstad, 04.12.24.

4. Orientering til kommunedelsutvala 30.01.25 om planarbeidet. Orienteringssak i alle KD-utvala.
5. Orienteringssak til råda, januar 25
6. Innspelsmøte med kulturfeltet 13.03.25, referat ligg i RS-sak 5/25, HKO 07.05.25.
7. Høyringsmøte i 4 delar av kommunen, veke 40/25.
8. Høyringsinnspel råda i sak 29.10.25 og kommunedelsutvala 30.10.25
9. Planen var lagt ut til høyring 17.09.25 i HKO-sak 49/25, med frist for innspel 7. november 2025.

Referansegruppemøte, 24.03.26

### Medverknad

Etter oppdraget i oppstartsvedtaket har det vore ei brei medverknad frå aktørane i fagfeltet. Innspela frå feltet har hatt innverknad på planen si utforming og ikkje minst på prioriteringane i planen. Det er særleg det opne innspelsmøtet 13.03.25 som ga mange idear å hauste av til planen. Høyringsinnspela har særleg gitt inspirasjon til tiltak og konkrete handlingar.

### Høyringsinnspel

Vi fekk 32 høyringsinnspel frå ulike og veldig varierte partar. Både regionale aktørar, privatpersonar, institusjonar, faglege organisasjonar innan både kulturarv, utøvande profesjonelle/semi-profesjonelle, Ålesund kyrkjelege fellesråd, kommunale råd og utval, private arrangørar og scener samt frivillige lag og organisasjonar, med Ålesund kulturråd som overbygning. Oversikt over innspela ligg i Framsikt.

Det er eit gjennomgåande innspel at ein gir støtte til planens mål, og innretning, men etterlyser tydelegare fokus på eige felt.

Det var mange gode innspel til tiltak og satsingar som enten er tatt med i plandokumentet eller Handlingsprogrammet for 2026 - 2028. Dei resterande innspela vert liggande som ein kunnskapsbase i Framsikt slik at ein kan hente fram desse ved revisjon av handlingsprogrammet.

### Planens innhald

Ein plan vert gjennomgått ved faste tidspunkt.

Å rullere planen betyr at den blir jamleg oppdatert, ofte etter ein fast syklus (t.d. kvart fjerde år), utan at ein nødvendigvis gjer store endringar i innhaldet, ei løpande oppdatering for å halde planen aktuell.

Å revidere planen betyr ein meir grundig gjennomgang og endring av planen. Her blir planen vurdert på nytt i sin heilskap og mål, strategiar eller tiltak kan bli endra. Dette kan innebere større justeringar basert på nye behov, krav eller rammevilkår

Kulturplanen består av 3 satsingsområde som vi skal jobbe for å styrke og utvikle i heile planperioden. Dette er:

1. Kultur heile livet
2. Kulturarenaer i Ålesund
3. Attraktive Ålesund

Kommunedirektøren meiner at desse satsingsområda vil stå seg i planperioden, og det er ikkje planlagt å revidere denne delen av planen i planperioden. Ei lettare rullering kan vere nødvendig t.d. kvart 4. år.

Det er arbeid ut mål og strategiar for satsingsområda. Desse vert vurdert revidert kvart 4. år, med ev. rullering når det er vurdert nødvendig.

Handlingsprogrammet med tiltak for iverksetting i 2026 - 28 skal rullerast årleg i samband med budsjettarbeidet i verksemda.

Kulturfelta som er omfatta av tiltak i Handlingsprogram 2026 - 2028 er:

- Kulturfrivilligheita
- Kulturarv, -institusjonane og museum
- Profesjonell kunst og kultur
- Ungdom
- Deltaking og inkludering
- Kulturbygg og arenaer for frivilligheita
- Møteplassar i lokalsamfunna
- Kommunale satsingar, prosjekt og tiltak

Tiltaka er konkrete handlingar som vi skal starte opp og gjennomføre så raskt som mogleg.

### Iverksetting av planen

Etter vedtak vert planen distribuert til alle kommunale verksemder og det vert arbeid for å implementere satsingar og handlingsprogrammet i alle delar av verksemda.

Planen vert sendt ut og informert om til alle delar av kulturfeltet og relevante samarbeidspartar og aktørar på alle nivå.

### **Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:**

Tiltak i planen som har budsjettmessig konsekvens vert vurdert og implementert i handlingsprogrammet i samband med det årlege budsjettarbeidet. Å kople handlingsprogrammet til budsjettet meiner kommunedirektøren er eit godt grep for å sikre realistisk gjennomføring av tiltak og prosjekt i planen.

### **Konklusjon med grunngiving:**

Kulturplanen er utarbeidd med stor grad av medverknad. Innsatsområde og mål har fått god tilslutning i høyringa. Det er difor ein plan som er relevant for aktørane i kulturfeltet. Planen vert difor eit godt styringsverktøy for kommunen i heile planperioden.

Tiltaka i handlingsprogrammet er vurdert som nødvendige for å styrke kulturfeltet i kommunen. Slik bygger ein kulturfeltet si evne til å vere eit premiss for god samfunnsutvikling. Kultur vil gjennom dette gi eit tilbod til innbyggjarane i kommunen gjennom heile livet. Tiltaka i handlingsprogrammet vert rullert årleg, med dei, til ei kvar tid, mest aktuelle tiltaka for å oppfylle måla og visjonen i kulturplanen.

Jon Steven Hasseldal  
kommunedirektør